

Vedtekter for SFO for Stiftinga Tuddal Montessoriskule

Gjeldande for skuleåret 2019/2020



§ 1 Formål

Skulefritidsordninga (SFO) ved Tuddal Montessoriskule er eit omsorgs- og fritidstilbod utanom skuletid for elevar ved skulen. Målgruppa er elevar på 1. – 4. trinn, samt elevar med særskilte behov på 5. – 7. trinn.

Forholda skal leggest til rette slik at barnas behov for omsorg, tryggleik og trivsel sikrast og gjev gode høve for utvikling. SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar.

§ 2 Eigarforhold

SFO eigast og drivast av Stiftinga Tuddal Montessoriskule. Rektor ved skulen er fagleg og administrativ leiar og gjer vedtak om inntak.

§ 3 Inntak av elevar

SFO er open for alle elevar ved Tuddal Montessoriskule. Søknadsfrist kvart år er 1. mars. Dersom SFO har ledig kapasitet etter den ordinære søknadsfristen, vert også søknader sendt innan 1. april behandla.

Dersom det ikkje er plass til alle som søker, skal dei yngste elevane prioriterast. Søknader sendt etter den ordinære søknadsfristen, vert prioritert etter søknader som er sendt innan den ordinære søknadsfristen.

Søknader om inntak vil verte handsama og vedteke i høve til forvaltningsloven sine føresegner. Fylkesmannen i Telemark er klageinstans.

§ 4 Inntaksperiode og oppseiing av plass

Plass ved SFO følgjer elevplass ved Tuddal Montessoriskule, og plassen seiast automatisk opp når barnet ikkje lenger er elev ved skulen.

Oppseiing av plass skal skje skriftleg til rektor ved skulen. Oppseiingstida er ein månad frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er levert. Oppseiing / reduksjon for gjeldande skuleår vert ikkje godtatt etter 1. april, og skulen må ha fått oppseiinga før 1. mars.

§ 5 Foreldrebetaling

Prisen blir kvart år fastsett av styret. Eventuell prisendring vil skje frå 1. januar kvart år. Betalingsfristen er den 20. i gjeldande månad. Manglande betaling meir enn ein månad etter betalingsfrist kan medføre oppseiing av plassen.

§ 6 Leike- og opphaldsareal

Leike- og opphaldsareal skal vera eigna til slik bruk. Dette inneber mellom anna at areala og leikeapparata er trygge å bruke.

§ 7 Dagleg og årleg opningstid

SFO-året følgjer skuleåret. SFO er ope når skulen er open og er stengt når skulen er stengt.

Dagleg opningstid er frå kl. 6.45 – 8.00 og kl. 15.00 – 16.30.

Styret ved skulen vedtek endringar av opningstidene.

§ 8 Bemanning og leing

SFO er bemanna med fagarbeidarar /assistentar, slik at det totalt er tilstrekkeleg bemanning til å gje god omsorg, god tilrettelegging og godt tilsyn i forhold til barnegruppas storleik og samansetning. Rektor er fagleg leiar for tilbodet.

§ 9 Endringslogg

Vedtekter for SFO for Stiftinga Tuddal Montessoriskule er:

Vedtatt i styremøte 27.8.2018.

Sist endra i styremøte 27.8.2018.